

Kyrkjeliv

I NORD-AURDAL

April 2023

Kyrkjeliv nr 1

Årg 59

God påske!




Foto: Marit Trøen



DEN NORSKE KIRKE

Nord-Aurdal kirkelige fellesråd

Kirkekontoret i Fagernes:

Jernbanevegen 5, 2900 Fagernes
Tlf. 61 36 00 60
Mandag – fredag 9-15

Kirkeverge/daglig leder

Aud-Karin Hovi
Tlf. 90 71 22 61
E-post: ah344@kirken.no

Sekretær

Eirunn Steinsfjord
Tlf. 90 70 31 48
E-post: es429@kirken.no

Prester:

Sokneprest
Jostein Enger
Tlf. 97 50 12 73
E-post: je886@kirken.no

Sokneprest

Kristine Inderhaug
Tlf. 95 81 25 05
E-post: kf532@kirken.no

Prost

Carl Philip Weisser
Tlf. 91 55 55 04
E-post: cw478@kirken.no

Organist:

Monica Korsli Solberg
Tlf. 90 40 08 45
E-post: ms358@kirken.no

Kirkegårdsarbeidere:

Arve Bakke
Tlf. 91 88 56 35
E-post: ab865@kirken.no

Ola Reishaugen

Tlf. 90 21 24 33
E-post: or672@kirken.no

Menighetsrådsledere:

Aurdal
Tove Tøfte Kjøbli
Tlf. 92 23 65 22
E-post: tove.t.kjobli@gmail.com

Tingnes

Jonny Rye
Tlf. 95 93 71 97
E-post: Jonny.Rye@nord-aurdal.kommune.no

Skrautvål

Håvard Meisdalshagen
Tlf. 99 46 73 48
E-post: meisdals@online.no

Tisleidalen

Anna Rust Holt
Tlf. 41 33 18 46
E-post: annrus@online.no

Svenes

Karen Marie Grythe Tvedt
Tlf. 41 22 28 19
E-post: karen.tvedt@hotmail.com

Ulnes

May Kristin Rognaas
Tlf. 90 17 49 51
E-post: makri-ro@online.no

Leder kirkelig fellesråd:

Siri Osaland
Tlf. 97 14 05 45
E-post: siriosaland@gmail.com

Frå redaksjonen

Dagens samfunn er prega av mange ting. Ein ting som sjokkerer i stor grad er auken av sjølv-mord blant unge, og då spesielt unge menn. I det siste er det også blitt større fokus på sjølv-mord blant eldre. Felles for alle diskusjonane rundt temaet er at vi må bli meir opne og tore å prate om vanskelege ting. Ja, det er viktig å kunne prate om ting. Men minst like så viktig er det å kunne lytte. Og å vite at nokon vil lytte til deg.

Kor mange gonger har du møtt kjente og fått spørsmålet: «Korleis står det til?» Og kor mange gonger svarar du berre «Bra, og med dykk?» Har du nokon gong prøvd å fortelje noko som ikkje er så bra, og erfart at folk eigentleg ikkje vil vite? Dei har ikkje tid til å lytte. Vi utvekslar høflegheitsfraser, og forventar ikkje ei utdjuping av temaet.

Retten før jul, i den aller travlaste tida, fekk eg ei nyheit det var vanskeleg å forhalda seg til. Eg trengte nokon å prate med for å få eit anna perspektiv. Då sende eg ei melding til ei venninne: «Har du tid til ein prat?» Og ho tok seg tid. Det vart ein prat med skrat, diskusjon, tårer og gode råd. Og i alle fall eitt av råda førte til at eg fann ut litt meir, fekk prata med den det gjaldt, og saman fann vi ro over temaet. Og ettertida viste at ingen av dei tinga eg frykta

slo til. Men tenk om venninna mi ikkje hadde teke seg tid til ein prat, tid til å lytte til mine vanskelege tankar. Då ville julehøgtida ha vorte tung. Så eg kan ikkje få sagt kor takksam eg er for at ho tok seg tid til å lytte og til å prate. Og det vil eg tru gjeld fleire enn meg. Det er mange einsame som treng ein prat, og det er mange som ber på vanskelege ting. Det kan vera store problem, men dei kan og vera små. Og det viktigaste er at nokon vil lytte når nokon endeleg tør å seie noko.

Neste gong du møter nokon og spør: «Korleis står det til?», så håpar eg du tek deg tid til å lytte til svaret, og koma med utfyllande spørsmål. Tid til å bry deg om dei du har rundt deg. Kan hende er det akkurat du som reddar dagen, helga eller ei høgtid for nokon berre ved å bruke litt av tida di til å lytte.

God påske!
GHelsing Marit



Kyrkjeliv

I NORD-AURDAL

Opplag: 3500

Redaktør: Marit Trøen

Trykk: Land trykkeri AS

Utgjevar: Sokneråda i Nord-Aurdal

VIPPS: 660778

Kontonummer: 1503.99.85575

E-postadresse: kyrkjeliv@gmail.com

Send et påsekkort, vær litt retro!



Kristine Inderhaug

Det er heldigvis ikke et ord som heter påske-stria slik som det heter jule-stria. Påsken er for de fleste en mer tilbakelent høytid der fokuset er på kos og avslapning. Samtidig er innholdet i påskehøytiden et sant menneskelig og guddommelig drama som en kan hente visdom og kunnskap fra til både tro og liv.

Statistikken viser at vi sender et høyere antall julekort enn påsekkort. Kanskje du skal være retro og sende avgårde et påsekkort i år? Håndskrevne hilsener er sjeldent i vår digitale tid men det håndskrevne er en persons nærvær og avtrykk. Det er så koselig med det håndlagde og personlige!

«God Jul!», «God Påske» og «Ha en god dag», skriver vi med de beste intensjoner. Men hva om vi også kunne spørre hva skal til for at denne påsken og denne dagen skal bli god for deg? Da hadde vi fått vite noe om hvordan vi kunne ha sant og lindrende nærvær for hverandre. Da kunne vi vite om vi kunne bidra med noe hvordan vi kunne samhandlet og samtalt om livet.

Tilbake til uttrykket God påske, hva er det? Hva skal til for at en dag blir god eller en høytid blir god? Jeg ville gjerne hørt svaret fra deg på spørsmålet om hva som skal til for at det skal bli godt denne påsken eller at denne dagen skal bli god. Jeg tror vi godt kan øve på å være åpne for åpenhet kan hjelpe oss. Så åpner vi i stedet for å stenge.

Er du som meg så synes du kanskje at det er koselig med kontakt og noen ord med en du ikke har sett på lenge, eller noen gode ord med en som betyr noe spesielt for deg?

Det er ikke alltid vi vet om hverandres utfordringer i livet, men hadde vi visst mer om de kunne vi oftere

fått være til hjelp og oppmuntring og unngått at noen av oss tror vi må være alene om noe vanskelig. Vi kunne også oppleve hvordan det er å dele livets tunge dager så vel som de letteste dagene. For det er ikke meningen at vi trenger å bære noe alene. Selv øver jeg meg på å sette ord på det som jeg synes er trøblete i livet -og det er godt å kunne ta frem det også som en helt naturlig del av livet. Det er naturlig å prate om den delen også uten å grue seg til det.

Å ha kontakt eller connection med en som ønsker å forstå, er noen ganger den fineste form for oppmerksomhet, synes jeg. Det topper blomster og all verdens gaver. Å gi av seg selv ved å være deltagende er en gave som koster et menneskes engasjement. Men å dele tid er en dyrebar gave som for meg alltid står øverst på ønskelisten. Så ja, send et påsekkort eller enda bedre: lag et møtepunkt med noen du har tenkt på lenge. Gode samtaler er en gave og en mulighet. Å lese bøker og der få del i andre menneskers livserfaringer har jeg alltid sett som et privilegium og en dyrebar gave til å prøve å forstå andre mennesker. Men igjen, høyest på listen er å få mulighet til å være i samtale med et menneske om deres livserfaringer, det er så spennende og lærerikt. En gave å få en ny forståelse for hverandre!

Det er mange gode og trivelige elementer og symboler knyttet til påskefeiring. Solvegg, skiturer, vårformennelser, smakfulle appelsiner, påskefelleskap, fjellet, byen, gode egg, god litteratur, eller det faktum at påsken bringer med seg savn etter noe av dette. Påske er også å komme seg til kirken en tur. Jeg finner dyp og sterk mening i å gå i gudstjenester de ulike påskedagene:

palmesøndag, skjærtorsdag, langfredag, påskenatt og påskedag. Der får jeg følge Jesu historie, høre den lest-en opplevelse i seg selv. Der nærmer jeg meg mysteriet om Gud ved å synge med i salmer og høre musikken og melodiene som er komponert spesielt til påskehøytiden. Den livshistorien viser meg dybder i Gud og dybder i meg selv og hvordan jeg finner livsstyrke og mot til livet ved å se på livet og døden, håpet og kraften utenom meg selv.

Påskehistorien er som en komprimert livsfortelling som inneholder et stort register av livet: Glede, ensomhet, kamp, frykt, fristelser, utholdenhet, nærvær, seier, lettelse, kjærlighet og nytt liv.

Dette er nesten som et tverrsnitt av hvemsomhelst sitt liv. Det er vel derfor påskehistorien kan tale rett inn i et menneskehjerte. Se nærmere på denne historien, kanskje får du øye på noe som bringer livskraft inn i ditt liv! Påskebudskapet er at livet reises opp igjen fra det døde og håpløse-det er mulig å oppleve!

Håper påsken blir god, fortell noen om hva som er en god påske for deg! La oss dele med hverandre fra hele registeret i livet når vi utveksler livstanker. Det blir aldri gammeldags å være ekte og nært, «live» tilstede for hverandre.

God hver dag og god påskehøytid!



Kristus er her, fordi vi er her!

Ole Kristian Bonden Biskop i Hamar

Kvinnene fant graven tom. De fant ikke Jesus sin kropp, står det. Hvor var han egentlig, den oppstandne? Det lurte kvinnene ved graven på også.

Så skjedde det noe. To fremmede spør: «Hvorfor leter dere etter den levende blant de døde?»

Spørsmålet må ha vekka noe i dem. «Da husket de hans ord», står det. Det minna dem om det Jesus hadde sagt før han døde. Ja, de huska ikke bare ordene hans. Ordene satte dem i bevegelse. De gikk, de løp, de sprang – og de fortalte det til alle de andre.

Underveis møtte de ham også, den oppstandne Jesus Kristus. De kjente han ikke igjen med det samme. Hadde vanskelig for å tro at det kunne være han. Men han viste seg for dem på veien. Når han snakka med dem, og gikk sammen med dem et stykke.

Når han delte brød og vin ved bordet. Når han ropte oppmuntrende til dem på en dårlig arbeidsdag etter timer med slit på sjøen, uten en eneste fisk i garnet. Det var hendelser hvor de kjente han igjen. Gjenkjente Guds kjærlighet og nåde i det hverdagslige livet. Hvor Jesus plutselig var midt iblant dem, fysisk, konkret, som et annet medmenneske. Som skapte tro, håp og kjærlighet i dem og blant dem og gjennom dem. Ja, som satte dem i bevegelse til andre.

Oppstandelsestroen setter mennesker i bevegelse. Først kvinnene ved graven. Så de andre disiplene. Deretter kirken og mennesker over hele verden. Oppstandelsestroen er drivkraft til liv. Den er helt grunnleggende ikke bare i kirkens liv, men i verdens liv.


Oppstandelsestroen ble til bevegelse, og bevegelsen ble til en kirke – og til liv for mange. Å ja, kirken kunne trå feil, gjøre mennesker urett, svikte Gud. Men den er også bærer av



*Ole Kristian Bonden
Foto Hamar Bispedømme*

oppstandelsestroen til trøst, håp og handling. Som uavbrutt beveger seg utover, til utkanten. Til verden.

Jesus er ikke i graven. Han er stått opp. Han er her, fordi vi er her.



*Lam på bispekåpe
Foto Kirsti Hovde*

Øyvind Huset, den nye kirkevaktmesteren

Tekst og foto:

Anna Rust Holt og Marit Trøen

Kirken i Nord-Aurdal har fått en ny kirkevaktmester, og vi stakk innom kirkekontoret for å hilse på. Øyvind tok oss imot med et smil og glimt i øyet da vi spurte hva stillingen som kirkevaktmester innebærer. Selve jobben er en sammensatt stilling, og medfører ulike arbeidsoppgaver. I tillegg til å være brannvernleder for alle kirkene, er han kirketjener i Aurdal og Tisleidalen, og renholder i kirkene i Aurdal, Ulnes og Skrautvål og på Strand. Og det er en del kontorarbeid som også skal gjøres. Øyvind har et overordna ansvar for alle kirkene, og må legge inn opplysninger i kirkebygge-databasen. Han må legge inn opplysninger om ting som skal gjøres og som er gjort, selv om det er kirketjenerne som har hovedansvaret for «sine» kirker.

Øyvind er gift med Trine, og sammen har de dattera Sunniva som går siste året på sykepleierstudiet. Sunniva er familiens stolthet, og hun klarer seg godt på studiet selv om pandemien ødela det sosiale ved studiet for alle som studerte under koronapandemien. Øyvind mener det er godt for ungdommene å komme seg ut av Valdres en periode før de eventuelt bosetter seg her igjen.

Mens vi sitter og snakker kommer kirkeverge Aud-Karin Hovi forbi, og hun sier at de er veldig fornøyde med den nye kirkevaktmesteren. Det var mange godt kvalifiserte søkere, men kirkekontoret mener at de fikk rett person inn i stillingen. Det er også viktig at det ble en full jobb i stedet for flere små stillinger, slik at den som er tilsatt får tid til å gjøre en skikkelig jobb.

Før han begynte i fast stilling ved Nord-Aurdal kirkekontor var Øyvind selvstendig næringsdrivende

som snekker. Og han syns det er helt topp å begynne i denne jobben. Med nedgang i antall nye hytter og anna arbeid, og etter mange år som selvstendig var tiden veldig passe for å prøve noe nytt. Jobben er stort sett en ni til fire jobb, med 35,5 timer i uka og søndagsjobbing hver tredje helg. Lønna er dårligere enn som selvstendig næringsdrivende, men det er fastere arbeidstid og mer regulert arbeid, i tillegg til at Øyvind plutselig har fått et større arbeidsmiljø rundt seg, med flere trivelige folk som jobber på kirkekontoret. Og dette betyr mye. Det at arbeidet er nokså variert er også en god ting. Øyvind har aldri sittet på kontor tidligere, og det kan bli slitsomt å sitte og jobbe ved en pc hele dagen. Derfor er det godt å kunne planlegge uka sjøl, og være både ute og inne i løpet av arbeidsdagen. I forrige valgperiode satt Øyvind i menighetsrådet i Aurdal, noe som er god ballast å ha med seg i denne jobben. Familien bor i Vestringsbygda, og Øyvind har hørt til i Aurdal-skirka gjennom hele livet. Derfor er det også den han har mest kjennskap til. Da han satt i menighetsrådet ble han interessert i historia til kirka, noe som er blitt forsterka gjennom jobben han har nå. For å få mer kunnskap har boka om kirkene i Aurdal, skrevet av Ivar Aars, vært interessant, men også vanskelig lesing. Med mer kunnskap kommer også interessa for lokalhistorie, og hvor mye kirkene har betydd for folk opp gjennom tidene. Derfor er Øyvind også opptatt av dialog med alle menighetsrådene. Det er viktig å snakke sammen om hvordan man best skal

ta vare på alle de tingene kirkene inneholder. Kirkene inneholder for eksempel mange krinkel-kroker og gamle ting som ikke skal vaskes, men støvtørkes, i tillegg til at det er veldig høyt mange steder. Det krever oppfinnsomhet å nå de nødvendige stedene, særlig dersom man skal følge HMS-håndboka. Dette og andre utfordringer er noe kirketjenerne og menighetsråd bør samarbeide om å finne løsninger på. Men Øyvind understreker at han er blitt godt tatt imot i alle kirkene. Han er veldig fornøyd med jobben og trives godt.

Øyvind er en blid kar med godt humør og god sans for humor. Både latter og gode kommentarer henger løst, selv om han også er alvorlig og saklig. Vår observasjon er at han passer godt inn blant folkene på kirkekontoret. Øyvind har sitt eget kontor, og er det noen som ønsker å komme innom for en prat er det bare å ta kontakt. Vi er enige med Aud-Karin i at dette ser ut til å være riktig mann på riktig plass, og vi ønsker ham lykke til i arbeidet framover.



Velkommen – biskop Ole Kristian Bonden!

- Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap som er opne, og der folk kan føle seg frie å oppleve at dei høyrer til.

Det sa biskop Ole Kristian Bonden i takketala si til dei frammøtte etter at han vart vigsla som biskop i Hamar domkyrkje 29. januar 2023.

Innsettinga av Bonden skjedde i ei høgtideleg gudsteneste med fullsett domkyrkje, der H.M. Kong Harald deltok. Det gjorde også representantar frå Storting, Regjering og rettsvesen saman med inviterte gjester og folk flest.

Biskopen våre er oppteken av ei raus og open folkekyrkje der alle kan kjenne seg heime. – Vi skal bygge på dei gode tradisjonane vi har, der mange menneske, både tilsette og frivillige, gjer ein innsats for kyrkja si kvar dag, seier han.

Han ønsker også at kyrkja skal bidra til håp i ei verd prega av krig. – Eg trur kyrkja betyr mye for folk, og det er mange utfordringar vi slit med både på det personlege plan, men også i verda i dag. Da treng vi ein



*Håndspåleggelse
Foto Alf Simensen NTB*

stad å ta vare på draumane våre om håp, om at det umoglege kanskje kan skje, at vi saman arbeider for både håp og kjærleik, seier han.

Han trekker fram dei to forgiengarane sine, Rosemarie Köhn og Solveig Fiske, som førebilete og store inspiratorar. Dei var tydelege på at «Inga tru er for lita» og at «Gud gjer ikkje forskjell på folk». Dette er verdjar

han sjølv ønsker å vidareføre. Vigslingsgudstenesta ga eit godt bilete av dette. Her var det barnekor saman med domkoret, tekstlesing med representantar frå ungdomsråd, samisk utval og det nordiske bispekollegiet, og også dans som ein del av seremonien. Ole Kristian Bonden vil ha gudstenester der fleire kan kjenne att livet. – Dan er ein uttrykksform som kan formidle kjensler, stemningar og budskap som ikkje alltid ord kan gjere seier han.

Han tar nå fatt på oppgåva med å leie kyrkja i Hamar bispedømme inn i framtidens utfordringar og moglegheiter:

- Som biskop i Hamar skal eg gå saman med dykk og bere korset som Kristi merke, som kyrkjjas teikn i verda, som ei påminning om at ingen går einsleg. Eg vil arbeide for kyrkjer og fellesskap der vi kan finne openheit, fridom og tilhøyrslse.

«Eg vil gå inn i gjerninga, med den nåde Gud vil gje meg.»



*Med kongen
Foto Alf Simensen NTB*

Valdrisar på vigslinga av den nye biskopen

Tekst: Marit Trøen

Foto: Knut Arne Fjelltun

Det var ein flott delegasjon frå Valdres, fem av dei frå Nord-Aurdal, som reiste til Hamar for å delta i vigslinga av biskop Ole Kristian Bonden den 29. januar 2023. Alle var kledde i sin finaste stas, anten bunad eller dress.

Dagen starta med god frukost på hotellet, og det var både politi og andre folk som tok vare på tryggleiken på huset. Domkyrkja var festpynta, og sjølv seremonien starta med at kong Harald kom inn i kyrkja. Det var ei flott gudsteneste, med orgelmusikk og salmesong frå ei fullsett kyrkje, balettdans og sjølv sagt vigslinga av den nye biskopen. Det heile gjekk føre seg på ein svært høgtideleg

måte. Det var sjølv sagt ekstra stas at kongen var til stades,

Etter gudstenesta gjekk turen attende til hotellet til triveleg kyrkjekaffe med mange taler og diverse underhaldning. Valdresutsendingane er veldig einige i at dette verkeleg er eit minne for livet, og det er vanskeleg å beskrive godt nok kor stort og fint dette var. « Eg er viss på at vi blir nøgde med den nye biskopen, han er så menneskeleg, og ein av oss!» sa ei av utsendingane, og fleire av dei andre samtykka. Ingen angra på at dei reiste for å oververa vigslinga, og alle er spente på korleis den nye biskopen vil markere seg i forhold til dei tidlegare biskopane i Hamar bispedøme.

Vi ynskjer den nye biskopen lukke til i gjerninga si.



Preses Olav Fykse Tveit (den leiande biskopen) held tale før sjølv vigslinga



Etter handspålegginga



Frå ei fullsett kyrkje



Tale ved kyrkjekaffen ved Ole Kristian Bonden



Valdresdelegasjonen

2022 - For eit år og for ein gjeng!

Siri Osaland,
leiar i kyrkjeleg fellesråd
og Aud-Karin Hovi,
kyrkjeverje/dagleg leiar

Det nærmar seg påske, og med planar for 2023 er det også godt å sjå attende på 2022. Og for eit år det har vore i kyrkjene i Nord-Aurdal! Og for ein gjeng det har vore som har gjort sitt for å få det i havn!

Som kyrkjeleg fellesråd, kyrkjeverje og kommunens gravplassforvaltar er det bokstaveleg tala lett å grave seg ned i frustrasjonen over manglande vedlikehald av kyrkjene og gravplassane, klager på kyrkjegardsklypp, høge straumprisar og manglande ressursar til å ta fatt i alt som må gjerast. Men alt det positive som har skjedd i kyrkjene og på gravplassane i kommunen lyser sterkest når vi ser attende på dette året.

Rehabilitering og renovering

Drift av kyrkjegardar og kyrkjebygg er kostbare saker. Og dyrare blir det der mykje av vedlikehaldet har vore salderingspost over lang tid. Dei siste åra har kommunen likevel løyvd pengar til å gjere noko med dette både på kort og lang sikt. Fellesrådet har tatt ansvar, og vi har henta inn den kompetansen som trengs for å sikre at det som no blir gjort, står seg i lang tid framover. Kommunen har ansvar for å løyve pengar, medan Kyrkjeleg fellesråd har ansvar for å drifte. Og sjølv om det tok si tid før det vart ei løysing på kyrkjegardsklypp i sumar, fann også det si løysing.

Skrautvål, Tingnes og Tisleidalen

Skrautvål kyrkjegard og kyrkjene i Tisleidalen og Tingnes har fått det meste av både pengar og fokus på rehabilitering og renovering i 2022. I Tisleidalen handla det om å få avslutta måling og takarbeid som starta i 2021. I Skrautvål og Tingnes har store gravemaskiner har grave både djupt og langt. Vasslekkasje, drenering, grøfting og masseutskifting



Tingnes kirke, graving gravemaskiner uttafor hovedinngang

gjer at vi no har meir kontroll på vatn som rann der det gjorde skade. Hausten 2022 kunne Tingnes kyrkje feire 50-årsjubileum fire meter over det djupaste holet! Og til våren inviterer vi til feiring av den rehabiliterte kyrkjegarden i Skrautvål med ny urnelund. Berre på desse prosjekta er fleire enn 100 menneske vore involvert.

Strand, Ulnes og Aurdal

I Strand er hakkespetthola og det mest kritiske på taket reparert, og vi vonar å kunne starte innvendig arbeid i løpet av eit par år. I Ulnes har Riksantikvaren vore på vitjing, og vi har tru på at fasaden blir rehabilitert i 2023. Medan vi i Aurdal nettopp no står i prosessen med offentleg kjøp av tenester for orgelrehabilitering.

For ein gjeng

Alt dette har skjedd i kyrkjer og på gravplassar – i tillegg til dåp, gudstenester, konfirmasjonar, gravferder, konsertar, utleige til andre trussamfunn eller festivalar slik som vi alltid har halde på med. Og for å få det til har utallige menneske vore engasjer-

te. Frivillige, folkevalde i sokneråd, fellesråd og kommunestyre, tilsette, innleigde, vikarar, leverandørar, entreprenørar og kontraktørar. Slik kan vi glede oss over at levande kyrkjer bidreg til levande bygder. Ein djup takk til kvar og ein men ynskje om ei velsigna påskehøgtid. 2022 - For eit år og for ein gjeng! Så håpar vi at vi får utført mykje i 2023 også.



Skrautvål kyrkjegard, gravemaskin og djupt hol på nyfeltet

«Kirkens nødhjelp» midt i julehøytiden

Tekst: Hans Enger og Marit Trøen

Rett før jul 2022 ble vår kjære kantor sjukmeldt. Brått stod kirkene i fare for ikke å ha musikk til gudstjenestene i jule- og nyttårshelga. Heldigvis finnes det mange gode hjelpere rundt omkring som stilte opp slik at det ble musikk likevel.

Jon Gjesdal, pensjonert rektor ved kulturskolen i Nord-Aurdal, spilte i Aurdal julaften og 1.juledag, og i Aurdal og Tisleidalen på nyttårsaftnen. I den siste gudstjenesten på nyttårsaftnen i Tisleidalen ble han behørig takket for sporty innsats. Jon har betydd mye for oppbyggingen av det rike sang- og musikklivet vi har i kommunen. Og fortsatt kan han altså trå til når det trengs.

Alistair Peters (77), som har vært vikar for kantoren vår flere ganger, spilte i Ulnes og Strand på julaften. Alistair kom til Vang i 1994, og har vært vikar i de fleste kirkene i Val-

dres. Han spiller fortsatt mye i Vang og Vestre Slidre, og trakterer flere instrumenter.

De andre gode og flinke hjelperne som også stilte opp var Anette Øen, som spilte i Skrautvål på julaften. Jostein Halden spilte i Tisleidalen og Jostein Enger i Tingnes, begge på julaften, og Carl Weisser i Tingnes 2.juledag. Carl Weisser er far til vår kjære prost Carl Philip Weisser.

Vi ønsker å rette en stor takk til alle disse gode hjelperne, som gjorde at jule- og nyttårsmessene fikk nydelig musikk til sangene også denne gangen.



Jostein Halden,
Foto: Tisleidalen sokneråd




Carl Weisser,
Foto: Jens Axel Weisser



Jon Gjesdal på orgelkrakken i Tisleidalen
Foto: Hans Enger



Jostein Enger,
Foto: Den Norske Kirke



Anette Øen og lamaen Jakob. Jakob var for øvrig ikke med i kirka på julaften.
Foto: Anette Øen

Alistair Peters spiller en påskedag ved St Thomaskyrkja på Filefjell,
Foto: Carl Philip Weisser



Pilegrimsvandring, 26-29 juli 2023

Eli Vatn

På sporet av Heilag Olav si ferd gjennom Valdres i 1023

Det er 1000 år sidan Olav Haraldsson drog gjennom Valdres, frå vest til aust skal vi tru Snorre. Heilag Olav har og lete etter seg ei mengd segner og stadnamn som seier mykje om kva han har betydd for folk her. Desse vil vi leite fram, vise og fortelje om når vi går i dette vakre Valdres landskapet; i møte med den leia som Olav truleg for.

Vi byrjar på Nysetstølen i Etnedal og endar opp til festgudsteneste i Slidredomen Olsok 29. juli. Vi går delvis langs Frugevegen (den gamle vegen mellom Hamar og Bergen) gjennom 4 kommunar; Etnedal, Nord Aurdal, Øystre og Vestre Slidre. Lengste etappe er ca 17. km i lett tur terreng. Det vert overnatting på hotell og i eige telt. Det vert sørga for mat og drikke og bagasjen vert frakta mellom overnattingsstadane, slik at ein berre treng å bære med seg det ein treng for dagsmarsjen.

Turpris er enno ikkje fastsett, og fyldigare informasjon vil koma.

Ved interesse ta kontakt med Eli Vatn, ev869@kyrkja.no.



Vandring til Olavskjelda langs den gamle kyrkjevegen til Skrautvål kyrkje



Ved Olavskjelda
Heilag Olav

Valdres i 1000 år 2023

**Tekst og foto: Eivind Brenna
og Carl Philip Weisser**

EN DEL AV



Snorre forteller at kristendommen kom til Valdres ved tvang og list. Olav Haraldsson skal ha tatt seg over fjellet fra Lærdal høsten 1023, og samlet folket til ting. Der bød han dem kristendommen, men de tok ikke mot. Om natten lot han gårdene på andre siden av fjorden rane og brenne. Da bad bøndene om fred og fikk grid. Snorre er både konkret i omtalen og omtrentlig med fakta.

Den brutale historie er det ikke noen grunn til å feire. Vi vet også at Olav døde i slaget på Stiklestad i 1030 og at han seinere ble en helgen. Men det som er mest spennende for oss som skal organisere 1000 års feiringen i Valdres er hva dette hadde å si for Norge og Valdres i årene etterpå og fram til i dag.

Hvilke endringer skjedde i samfunnet for 1000 år siden med kristenretten som Olav hadde med seg og med organiseringen av Norge? Hvordan endret dette folks tenkemåte og ikke minst hvilke utfordringer står vi overfor i den brytningstid vi nå lever i? Vi håper at det å bli kjent med fortida, både det som var kritikkverdig og det som var av det gode, kan gi innspill til hvordan vi bygger gode lokalsamfunn som gjør Valdres til et godt sted å leve. Dette må vi stå

sammen om, både de som med lange røtter i Valdres, og de som seinere har flyttet til. Viktig er det også å ta med flyktninger som har funnet sin plass i Valdres.

Vi har hentet inspirasjon fra verdigrunnlaget som er satt opp fra Nasjonaljubileet:

1. Hvordan en skaper et felleskap som både tåler og verdsetter ulikheter?
2. Finnes det verdigrunnlag som er ufravikelige?
3. Hvordan forstår og definerer vi oss selv i møte med andre?
4. Hva tar vi med oss fra fortiden og hva leverer vi videre?
5. Hvordan former vi et samfunn i spenning mellom tradisjon og fornyelse?

